



# Innst. S. nr. 66

(2002-2003)

## Innstilling til Stortinget frå samferdselskomiteen

St.prp. nr. 29 (2002-2003)

### Innstilling frå samferdselskomiteen om endring av løyvingar mv. for 2002 på Samferdselsdepartemen- tets område

Til Stortinget

#### 1. INNLEIING

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigrun Eng, Bjørgulv Frøyn, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Tor-Arne Strøm, frå Høgre, Anne Berit Andersen, Brit I. H. Andreassen, Sverre J. Hoddevik og leiaren Petter Løvik, frå Framstegspartiet, Thore A. Nistad og Kenneth Svendsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen og Heidi Sørensen, frå Kristeleg Folkeparti, Odd Holten og Jan Sahl og frå Senterpartiet, Jorunn Ringstad, viser til at Samferdselsdepartementet i proposisjonen legg fram ein del saker under programkategoriane 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

#### 2. PROGRAMKATEGORI 21.20 LUFTFARTS- FORMÅL

##### 2.1 Samandrag

###### *Kap. 1310 Flytransport*

POST 70 GODTGJERSLE FOR INNANLANDSKE  
FLYRUTER

Departementet foreslår i proposisjonen å redusere løyvinga på kap. 1310 post 70 Godtgjersle for innanlandske flyruter, med 9 mill. kroner som følge av m.a. lågare kompensasjonskrav frå flyselskapa etter at dei blei tekne ut av verkeområdet for meirverdiavgiftsloven.

###### *Kap. 1314 Havarikommisjonen for sivil luftfart og jernbane*

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

På grunn av utsett innflytting i utvida bygg for Havarikommisjonen for sivil luftfart og jernbane, blir løyvinga på kap. 1314 post 1 Driftsutgifter, foreslått redusert med 1,5 mill. kroner.

###### *Kap. 1315 Etablering av Luftfartsverket som aksjeselskap*

POST 90 EIGENKAPITAL

Samferdselsdepartementet foreslår å opprette eit interimsselskap for å førebu omdanninga av Luftfartsverket til aksjeselskap frå 1. januar 2003.

Departementet foreslår å løyve 100 000 kroner i eigenkapital til interimsselskapet under kap. 1315 post 90 Eigenkapital.

###### *Kap. 4312 Oslo Lufthavn AS*

POST 90 AVDRAG PÅ LÅN

Det blir foreslått å løyve 392 mill. kroner som avdrag på statslån til Oslo Lufthavn AS. I samsvar med avtalen blei første avdrag på lånet betalt i juni 2002. Beløpet er ved ein inkurie førebels ikkje budsjettert.

#### 2.2 Merknader frå komiteen til luftfartsformål

Komiteen har ingen merknader og sluttar seg til forslaga.

#### 3. PROGRAMKATEGORI 21.30 VEG- FORMÅL

##### 3.1 Samandrag

###### *Fastlandsambandet Hitra-Frøya-Fjellværøy i Sør- Trøndelag - endring i bompengeneinnkrevjinga*

Det blir i proposisjonen gjort greie for endringar i bompengeneinnkrevjinga i fastlandssambandet Hitra-

Frøya-Fjellværøy i Sør-Trøndelag. Bakgrunn for saka er å få ned innkrevingskostnadene.

Den nye ordninga tek til 1. februar 2003 og vil føre til at innkrevingsperioden aukar til 2009/2010 mot avslutning i 2006 etter noverande opplegg. Takstane vil ikkje auke. Innkrevingskostnadene blir reduserte, men på grunn av høgare renteutgifter vil dei totale kostnadene bli om lag som i dag.

Det blir lagt opp til nedlegging av bomstasjonane på Dolmøy og Ansnes, noko som vil føre til at innbyggjarane på Hitra, Frøya og Fjellværøy ikkje lenger vil betale bompengar ved trafikk mellom desse øyane. Det vil berre bli kravd inn bompengar ved Sandstad bomstasjon på Hitra, for trafikk gjennom tunnelen frå fastlandet til Hitra.

### 3.2 Merknader frå komiteen til vegformål

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemmene frå Framstegspartiet, har ingen merknader.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener det vil være urimelig overfor befolkningen på Hitra å forlange bompengerperioden fordi bompengeneinnkrevingen til de to andre øyene, Fjellværøy og Frøya, er for lite lønnsom. Saken illustrerer hvor lite hensiktsmessig bompengefinansiering er i områder med lite trafikk. Disse medlemmer mener Hitras befolkning bør få slippe å betale for en bro og en tunnel som de i praksis ikke har noen nytte av. Disse medlemmer vil derfor gå imot Regjeringens forslag, og be om en sak der alle tre bompengestasjonene nedlegges, og der de økonomiske forpliktelsene for bro- og tunnelanleggene dekkes ved en bevilgning over statsbudsjettet.

Disse medlemmer foreslår:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem en sak om å nedlegge alle de tre bomstasjonene, og at de angjeldende veianleggene finansieres over statsbudsjettet."

## 4. PROGRAMKATEGORI 21.40 SÆRSKILDE TRANSPORTTILTAK

### 4.1 Samandrag

#### *Kap. 1330 Særskilde transporttiltak*

POST 71 TILSKOT TIL EKSPRESSBUSSAR

På grunn av mindre produksjon tidlegare år enn rekna med, blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 1330 post 71 Tilskot til ekspressbussar, med 9 mill. kroner.

SENJAFERJENE

Departementet foreslår at Senjaferjene får utbetalt 1,75 mill. kroner til drifta i 2002. Departementet legg til grunn at statleg tilskot i 2002 ikkje gir føringar for statleg tilskot i seinare år.

Av praktiske årsaker foreslår Samferdselsdepartementet at summen på 1,75 mill. kroner blir postert på kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar post 60 Innbyggjartilskot.

### 4.2 Merknader frå komiteen til særskilde transporttiltak

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemmene frå Framstegspartiet, har ingen merknader og sluttar seg til forslaga.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at bevilgningen på post 71 kan overføres. På bakgrunn av Regjeringens forslag til bevilgning på denne posten for 2003, mener disse medlemmene at det vil være behov for restmidlene i 2003.

Disse medlemmer vil derfor gå imot Regjeringens forslag under kap. 1330 post 71.

## 5. PROGRAMKATEGORI 21.50 JERNBANEFORMÅL

### 5.1 Samandrag

#### *Kap. 1354 Statens jernbanetilsyn*

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Departementet foreslår å løyve 2,7 mill. kroner på kap. 1354 post 1 Driftsutgifter, for å oppretthalde høgt prioriterte aktivitetar i Statens jernbanetilsyn. Hovudårsaka til meirforbruket er at arbeidet med godkjenning av rullande materiell til NSB AS og Flytoget AS har blitt meir omfattande enn rekna med.

#### *Kap. 5671 Renter og utbytte fra BaneTele AS*

POST 80 RENTER

Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 5671 post 80 Renter, med 19 mill. kroner, m.a. som følge av at lånet til BaneTele AS er blitt forlengd i 2002.

På grunn av at det ikkje blei betalt utbytte frå BaneTele for rekneskapsåret 2001, foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 5671 post 81 Utbytte, med 8 mill. kroner.

### 5.2 Merknader frå komiteen til jernbaneformål

Komiteen har ingen merknader og sluttar seg til forslaga.

## 6. PROGRAMKATEGORI 22.10 POST OG TELEKOMMUNIKASJONAR

### 6.1 Samandrag

#### *Kap. 5612 Renter av lån til Posten Norge BA*

POST 81 RENTER AV ANSVARLEG LÅN

Betaling av renter på ansvarleg lån til Posten Norge BA blei høgare enn tidlegare budsjettet. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 5612 post 81 Renter av ansvarleg lån, med 2,6 mill. kroner, frå 14 mill. kroner til 16,6 mill. kroner.

### 6.2 Merknader frå komiteen til post og telekommunikasjonar

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemmene frå Framstegspartiet, har ingen merknader og sluttar seg til forslaget.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener merinntekten på post 81 bør fremkomme som et avvik i statsregnskapet i forhold til statsbudsjettet for 2002. Det er en uheldig budsjettpraksis å endre budsjettet på slutten av budsjettåret når det ser ut til å bli et merforbruk eller et mindreforbruk.

Disse medlemmer vil derfor gå imot Regjeringens forslag under kap. 5612 post 81.

## 8. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og råår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2002 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
Utgifter:			
1310		Flytransport	
	70	Godtgjersle for innanlandske flyruter, <i>kan nyttast under kap. 1311 post 71</i> , blir redusert med ..... frå kr 411 400 000 til kr 402 400 000	9 000 000
1314		Havarikommisjonen for sivil luftfart og jernbane	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 20 450 000 til kr 18 950 000	1 500 000
1315 (nytt)		Etablering av Luftfartsverket som aksjeselskap	
	90	Eigenkapital, blir løyvd med .....	100 000
1330		Særskilde transporttiltak	
	71	Tilskot til ekspressbussar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 18 200 000 til kr 9 200 000	9 000 000
1354		Statens jernbanetilsyn	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 21 200 000 til kr 23 900 000	2 700 000
Inntekter:			
4312 (nytt)		Oslo Lufthavn AS	
	90	Avdrag på lån, blir løyvd med .....	392 000 000
5612		Renter av lån til Posten Norge BA	
	81	Renter av ansvarleg lån, blir auka med ..... frå kr 14 000 000 til kr 16 600 000	2 600 000
5671		Renter og utbytte frå BaneTele AS	
	80	Renter, blir auka med ..... frå kr 7 500 000 til kr 26 500 000	19 000 000
	81	Utbytte, blir redusert med ..... frå kr 8 000 000 til kr 0	8 000 000

Oslo, i samferdselskomiteen, den 4. desember 2002

**Petter Løvik**  
leiar

**Sverre Hoddevik**  
ordførar

**Geir-Ketil Hansen**  
sekretær